



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2025 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	913 301 439
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	SPAREBANKSTIFTINGA JÆREN - TIME OG HÅ
Forretningsadresse:	Hetlandsgata 9 4344 BRYNE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2025 - 31.12.2025
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Tor Einar Magnus Tjåland
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	05.03.2026

### Grunnlag for avgivelse

År 2025: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2024: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2025

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 24.03.2026



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad	3	694 016	750 668
Tildelte gaver	4	19 937 000	20 204 500
Anna driftskostnad	3	782 673	310 854
<b>Sum kostnader</b>		<b>21 413 690</b>	<b>21 266 022</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-21 413 690</b>	<b>-21 266 022</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		13 670 722	12 531 341
Anna finansinntekt	5	52 037 277	43 289 435
Verdiauke av marknadsbaserte anleggsmidler	6		
Verdiauke av marknadsbaserte omløpsmidlar	6	23 116 240	14 431 872
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>88 824 240</b>	<b>70 252 648</b>
Verdireduksjon av marknadsbaserte omløpsmidlar	6		28 942
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	6		
Annan rentekostnad		1	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1</b>	<b>28 942</b>
<b>Netto finans</b>		<b>88 824 239</b>	<b>70 223 706</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Overføringar og disponeringar</b>			
Årets gaver frå gåvefond	4, 7	-19 937 000	-20 204 500
Avsatt til gåvefond	4, 7	43 500 000	34 204 500
Avsatt til anna egenkapital	7	43 847 549	34 957 684
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringer i aksjer og andelar	6	271 297 415	271 297 415
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>271 297 415</b>	<b>271 297 415</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>271 297 415</b>	<b>271 297 415</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Andre kortsiktige fordringer		17 079	12 859
<b>Sum krav</b>		<b>17 079</b>	<b>12 859</b>
<b>Investeringar</b>			
Andre finansielle instrumenter	6	299 535 200	234 214 797
<b>Sum investeringar</b>		<b>299 535 200</b>	<b>234 214 797</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontanter og liknande	8	38 103 075	32 228 970
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>38 103 075</b>	<b>32 228 970</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>337 655 354</b>	<b>266 456 626</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>608 952 769</b>	<b>537 754 041</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital		50 000 000	50 000 000
Annan innskoten eigenkapital		262 908 602	262 908 602



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>
<b>Sum innskoten egenkapital</b>	7	<b>312 908 602</b>	<b>312 908 602</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Gåvefond	4, 7	64 563 000	41 000 000
Anna egenkapital	7	210 454 386	166 606 837
Udisponert resultat			
<b>Sum opptent egenkapital</b>	7	<b>275 017 387</b>	<b>207 606 837</b>
<b>Sum egenkapital</b>	7	<b>587 925 989</b>	<b>520 515 440</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		13 853	23 850
Skyldig offentlige avgifter		120 575	139 251
Annen kortsiktig gjeld	4	20 892 352	17 075 500
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>608 952 769</b>	<b>537 754 041</b>



## Brønnøysundregistrene

### ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2025 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2026 336332

**Virksomheten**  
Organisasjonsnummer: 913 301 439  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: SPAREBANKSTIFTINGA JÆREN - TIME OG  
HÅ  
Forretningsadresse: Hetlandsgata 9  
4344 BRYNE

**Regnskapsår**  
Årsregnskapets periode: 01.01.2025 - 31.12.2025

**Konsern**  
Morselskap i konsern: Nei

**Regnskapsregler**  
Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**  
Bekreftet av: Tor Einar Magnus Tjåland  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 05.03.2026

### Grunnlag for avgivelse

År 2025: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2024: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2025.

*Virksomheten sitt øverste organ er ansvarlig for at årsregnskapet er signert. Det er mulig å levere årsregnskap uten signatur fordi sikkerheten for rett rapportering er ivaretatt ved at innsenderen har rolle/rettighet for innsending i Altinn. Navnet på representanten, som bekrefter at årsregnskapet er godkjent, er i tillegg oppgitt.*

Brønnøysundregistrene, 23.03.2026



Organisasjonsnr: 913 301 439  
SPAREBANKSTIFTINGA JÆREN - TIME OG  
HÅ

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2025	2024
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Kostnader</b>			
Lønskostnad	3	694 016	750 668
Tildelte gaver	4	19 937 000	20 204 500
Anna driftskostnad	3	782 673	310 854
<b>Sum kostnader</b>		<b>21 413 690</b>	<b>21 266 022</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-21 413 690</b>	<b>-21 266 022</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		13 670 722	12 531 341
Anna finansinntekt	5	52 037 277	43 289 435
Verdiauke av marknadbaserte anleggsmidler	6		
Verdiauke av marknadbaserte omløpsmidlar	6	23 116 240	14 431 872
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>88 824 240</b>	<b>70 252 648</b>
Verdireduksjon av marknadbaserte omløpsmidlar	6		28 942
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	6		
Annan rentekostnad		1	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1</b>	<b>28 942</b>
<b>Netto finans</b>		<b>88 824 239</b>	<b>70 223 706</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Årets gaver frå gåvefond	4, 7	-19 937 000	-20 204 500
Avsatt til gåvefond	4, 7	43 500 000	34 204 500
Avsatt til anna eigenkapital	7	43 847 549	34 957 684
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>



Organisasjonsnr: 913 301 439  
SPAREBANKSTIFTINGA JÆREN - TIME OG  
HÅ

## BALANSE

**Beløp i: NOK** **Note** **2025** **2024**

### BALANSE - EIGEDELAR

#### Anleggsmiddel Immaterielle egedelar

#### Finansielle anleggsmiddel

Investeringer i aksjer og  
andelar 6 271 297 415 271 297 415

**Sum finansielle  
anleggsmiddel 271 297 415 271 297 415**

**Sum anleggsmiddel 271 297 415 271 297 415**

#### Omløpsmiddel

#### Varer

#### Krav

Andre kortsiktige  
fordringer 17 079 12 859

**Sum krav 17 079 12 859**

#### Investeringar

Andre finansielle  
instrumenter 6 299 535 200 234 214 797

**Sum investeringar 299 535 200 234 214 797**

#### Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontanter og  
liknande 8 38 103 075 32 228 970

**Sum bankinnskot,  
kontantar og liknande 38 103 075 32 228 970**

**Sum omløpsmiddel 337 655 354 266 456 626**

**SUM EIGEDELAR 608 952 769 537 754 041**

### BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

#### Eigenkapital

#### Innskoten eigenkapital

Grunnkapital 50 000 000 50 000 000

Annan innskoten  
eigenkapital 262 908 602 262 908 602

**Sum innskoten eigenkapital 7 312 908 602 312 908 602**

#### Opptent eigenkapital



Gåvefond	4, 7	64 563 000	41 000 000
Anna egenkapital	7	210 454 386	166 606 837
Udisponert resultat			
<b>Sum opptent egenkapital</b>	<b>7</b>	<b>275 017 387</b>	<b>207 606 837</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>7</b>	<b>587 925 989</b>	<b>520 515 440</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		13 853	23 850
Skyldig offentlige avgifter		120 575	139 251
Annen kortsiktig gjeld	4	20 892 352	17 075 500
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>608 952 769</b>	<b>537 754 041</b>




Organisasjonsnr: 913 301 439  
SPAREBANKSTIFTINGA JÆREN - TIME OG  
HÅ

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

Note

Tal på årsverk i rekneskapsåret  
0.20



**Sparebank-  
stiftinga**  
Time og Hå

# Årsmelding 2025



## Årsmelding 2025

### Formål og bakgrunn

Sparebankstiftinga Jæren -Time og Hå vart etablert 6. februar 2014 i samband med konvertering av kr. 100 millionar av Time Sparebank sitt grunnfond til eigenkapitalbeviskapital. Ved etableringa fekk Stiftinga vederlagsfritt tildelt 1.000.000 eigenkapitalbevis pålydande kr. 100.

Ved fusjonen mellom Time Sparebank og Klepp Sparebank som vart gjennomført 2. januar 2015, er Stiftinga den største eigaren i Jæren Sparebank. Som eit resultat av fusjonen, fekk Stiftinga tildelt 3.151.048 eigenkapitalbevis, pålydande kr. 25 i Jæren Sparebank.

Utrekningar viser at vi mottok 794.392 bevis i byte med dei 1.000.000 bevisa vi hadde fra starten av. Dei resterande bevisa, 2.356.656, vart tildelte som ein konsekvens av fusjonen.

For å auka likviditeten, både i eigenkapitalbeviset og i Stiftinga, gjorde vi eit nedsal i oktober 2016 og selde 600.000 eigenkapitalbevis i Jæren Sparebank. I november 2017 og desember 2018 selde vi samla 39.500 eigenkapitalbevis til Jæren Sparebank der føremålet var eit fordelsprogram for tilsette i banken til å kjøpa eigenkapitalbevis. Stiftinga eig nå 2.511.548 eigenkapitalbevis i banken som utgjer 50,9 prosent av alle eigenkapitalbevisa.

Verdien av desse bevisa er i rekneskapen ført til kr. 271,3 mill, som er lik kostpris. Med ein børskurs 31.12.2025 på kr. 388,95 pr. bevis utgjer marknadsverdien av desse bevisa kr. 976,9 mill. Stiftinga sin grunnkapital er kr. 50 mill.

«Formålet med stiftinga er»:

Å forvalta eigenkapitalbevisa som vart tilførte ved opprettinga, og å utøva ein langsiktig og stabil eigarskap i Jæren Sparebank.  
Plassera midla på ein formålstenleg og trygg måte ut frå omsyn til tryggleik, risikospreiing, likviditet og med sikte på å

oppnå marknadsmessig avkastning på eigenkapitalen.

Dela ut pengar til allmennyttige formål. Stiftinga skal i si utdeling særleg ta omsyn til det distriktet som har bygt opp kapitalen i tidlegare Time Sparebank.

I si verksemd skal stiftinga gjennom eigarskapen i Jæren Sparebank og vidareføring av sparebanktradisjonane, sikra eit godt lokalt forankra sparebank-tilbod i kommunane Time og Hå. Elles kan Stiftinga driva anna verksemd som er i samsvar med formål og dei rammer som til ei kvar tid følgjer regelverket for Sparebankstiftinga.

Gåver som stiftinga vil dela ut, vil i hovudsak koma frå utbytte som stiftinga får av eigenkapitalbevisa sine i Jæren Sparebank.

### Visjon

Medverka til vekst og utvikling på Jæren.

### Verdiar

Skapa og utvikla gode lokalsamfunn.

### Allmennyttige gåver

Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå disponerer betydelege verdiar som stiftinga fekk ved etableringa i 2014 og etter fusjonen mellom bankane i 2015. I tillegg til å vera ein langsiktig eigar, kan stiftinga dela ut gåver til allmennyttige formål.

Gåver varierer normalt i storleik frå kr 50.000,- og oppover.

### Prioriterte gåveformål:

Oppvekstmiljø  
Idrett  
Kultur  
Friluftsliv  
Næringsutvikling / næringsetablering

Stiftinga beslutta i 2022 å etablere stiftinga Lokalkapital Jæren. Formålet med denne stiftinga er å bidra til lokal verdiskaping, entreprenørskap, nyskaping og vekst i kommunane Time, Hå, Klepp og Gjesdal.



Stiftinga skal bidra med kapital, kompetanse og nettverk og fungera som ein aktiv partnar for å stimulera til næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap. Sparebankstiftinga Jæren – Time og Hå vil bidra med gåver til den nyetablerte stiftinga. Vi har valt Vekstpartner Jæren AS til å gjera denne jobben.

Stiftinga ser etter og vil prioritera prosjekt som kjem mange til gode, og som utløyser eigeninnsats og støtte frå andre. Alle søknader vert lagde fram for styret til behandling.

### **Tildelte gåver**

Det er generalforsamlinga som set ramma for kor mykje som skal delast ut i gåver kvart år. Det gjer ho gjennom storleiken av pengar avsett til gåvefond gjennom disponering av overskotet. Stiftinga har nå delt ut gåver til allmennyttige formål sidan 2015. Styret har i 2025 tildelt gåver for samla kr. 19.987.000,- fordelt på 76 tildelingar.

Utover støtte basert på søknader har vi i samarbeid med kommunane gitt COVID- og straum støtte til lag og foreiningar på samla kr. 7,1 mill. Samla har Stiftinga delt ut nær kr. 100 mill. i gåver sidan etableringa. Det blir normalt delt ut gåver to gonger kvart år med søknadsfrist 30. april og 31. oktober. Kven som er tildelt gåver i 2025 og fordeling etter formål, er teke inn som vedlegg til årsmeldinga. Oversikt over tildelte, utbetalte og tilbakeførte gåver i 2025 er vist i note 4.

### **Eigarskap**

Stiftinga var eigar av alle eigenkapitalbevisa i Time Sparebank frå etableringa og ved utgangen av 2014. Eigarskapen utgjorde då ca. 16 % av samla eigenkapital i Time Sparebank. Stiftinga har nå representantar i Jæren Sparebank sine styrande organ. Det er viktig for stiftinga å ha representantar som i tillegg til det forretningsmessige, og kjenner Time Sparebank sin historie,

samfunnsengasjement og lokale forankring. Stiftinga sin eigarpolitikk er i hovudsak basert på stiftinga sin formålsparagraf i vedtektene. Dessutan har stiftinga forventningar til banken på følgjande område:

- Verdiskaping og resultat
- Marknadsområde
- Soliditet og risiko
- Eigarskapen
- Utbyttepolitikk
- Representasjon i styrande organ
- Kontakt mellom Stiftinga og banken

Det er viktig for Stiftinga at banken leverer gode resultat over tid. Solide resultat i banken er ein føresetnad for at Stiftinga skal kunna vera ein god eigar og bidra med allmennyttige gåver.

### **Finansforvaltning, strategi og risiko**

Finansstrategi seier noko om korleis kapitalen i Stiftinga skal forvaltast. Retningslinjene har sitt utgangspunkt i stiftinga sine vedtekter.

Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå skal vera ein langsiktig og stabil eigar og eiga minst 25 prosent av eigenkapitalbevisa i Jæren Sparebank. Sal av eigenkapitalbevis som vart tilførde ved fusjonen, skal godkjennast av generalforsamlinga med minst 2/3 fleirtal. Likvide middel i stiftinga skal plasserast på ein god og sikker måte.

Styret har utarbeidd retningslinjer korleis dei likvide midla stiftinga har, skal forvaltast.

Stiftinga har sidan etableringa opparbeid seg god likviditet. Dette er nødvendig ut frå langsiktige mål.

Stiftinga har ein betydeleg risiko ved større kursnedgang på eigenkapitalbevisa vi eig. Men ut frå kurs ved årsskiftet, kan kursen gå ned med over 70 % utan at det har betydning for bokført eigenkapital. Risiko i forvaltning av fri likviditet er låg / moderat. Av samla fri likviditet utgjer plassering i aksjefond kr. 137,7 mill. og utgjer 40,8 %.



## Styrande organ

Stiftinga sitt øvste organ er generalforsamlinga som har 8 medlemmer og 3 varamedlemmer. Generalforsamlinga består av 3 kvinner og 5 menn. Leiar av generalforsamlinga er Karl Stangeland. 6 medlemmer vert valde av og blant innskyttarar i Jæren Sparebank med bustadadresse i Time og Hå. Kommunestyra i Time og Hå peikar ut kvart sitt medlem. Valperioden er 4 år. Leiar og nestleiar vel generalforsamlinga sjølv og valet gjeld for 1 år.

Styret består av 5 medlemmer og 1 varamedlem. Styret består av 3 menn og 2 kvinne. Leiar av styret er Arnfinn Vigrestad. Styremedlemmer er Kjellaug Heskja, Gunnar Siqveland, Bjørn Lende og Elin Hobberstad.

## Økonomisk resultat

Resultatet for året var eit overskot på kr. 67,4 mill, mot kr. 49,0 mill. i 2024.

Inntektene består av utbytte på eigenkapitalbevisa stiftinga eig og plasseringar i bank, aksje- og rentefond. Utbytte frå banken var kr. 50,2 mill. i år mot kr. 40,2 mill. året før. Renteinntekter frå bank og avkastning på rente- og aksjefond var i 2025 kr. 38,6 mill. mot kr. 28,4 mill. i 2024.

Norges Bank sette ned styringsrenta med 0,5 prosentpoeng i 2025 noko som påverka avkastninga i rentefonda våre. Samla avkastning i dei tre rentefonda var 8,5 prosent mot 10,1 i 2024. Samla avkastning i dei fire aksjefonda var 23,2 prosent mot 20,1 prosent i 2024.

Lønnskostnadene utgjer kr. 694` og består av løn til dagleg leiar og honorar til tillitsvalde. Tilsvarande tal var i 2024 kr. 751`.

Andre driftskostnader utgjer kr. 783`. Tilsvarande tal var kr. 311` i 2024.

Stiftinga har ikkje gjort noko sal av eigenkapitalbevis i 2025.

Årsrekneskapen er gjort opp under føresetnad om at drifta skal halda fram og styret stadfestar at slik føresetnad er til stades.

## Disponering

Årets overskot vert disponert på følgjande måte:

Årsresultat	kr. 67.410.549
+Årets gåver frå gåvefond	kr. 19.937.000
Sum	kr. 87.347.549
- Avsett til gåvefond	kr. 43.500.000
- Avsett til annan eigenkapital	kr. 43.847.549
Sum	<u>kr. 87.347.549</u>

## Balanse

Balansen består av eigenkapitalbevis i Jæren Sparebank, finansielle instrument (rente- og aksjefond) og bankinnskott. Eigenkapitalbevisa i Jæren Sparebank er i rekneskapen bokførde til kr. 271,3 mill, som er kostpris. Marknadsverdien ved årets utgang er kr. 976,9 mill. Det er ein urealisert gevinst på kr. 705,6 mill.

Stiftinga har ved utgangen av året plassert ledige middel i følgjande fond:

- Eit pengemarknadsfond der underliggjande obligasjonar har låg risiko og er såkalla 0 – 20 % BIS- vekta obligasjonar. Verdien er kr. 46,9 mill.
- Eit obligasjonsfond med moderat / høg risiko der underliggjande obligasjonar er utsteda av staten, institusjonar og selskap. Verdien er kr. 87,1 mill.
- Eit obligasjonsfond med moderat risiko der underliggjande obligasjonar er utsteda av ein kombinasjon av selskap og obligasjonar med låg risiko. Kan gå inntil 35 prosent i selskapsobligasjonar. Verdien er kr. 27,9 mill.
- Fire ulike aksjefond. Tre med utgangspunkt i norske børsnoterte aksjar og eit i hovudsak basert på europeiske og amerikanske selskap. Samla verdi ved årets utgang var kr. 137,7 mill.

Dessutan har vi likvide middel i bank på kr. 38,1 mill.

Samla har Stiftinga kr. 337,6 mill. utover verdier i eigenkapitalbevisa i Jæren Sparebank.

Grunnkapitalen er kr. 50,0 mill. Anna eigenkapital kr. 473,4 mill. og gåvefond på kr. 64,6 mill.



## Skatteforhold

Sparebankstiftinga Time og Hå kjem inn under skattebegrensingsregelen i skattelova § 2-32 (skattefritak) så lenge stiftinga sitt hovudformål er å forvalta dei middel som vart tilførde ved etableringa. Dessutan å utøva ein stabil og langsiktig eigarskap i Jæren Sparebank samt utdeling av gåver til allmennyttige formål. I samband med fusjonen mellom Time Sparebank og Klepp Sparebank, vart det søkt om skattefritak etter skattelova § 11-22.

I svar frå Finansdepartementet er eit av vilkåra i «skattelempevedtaket» at ved avhending av eigenkapitalbevis stiftinga tok i mot ved fusjonen, vil ein forholdsmessig del av fritatt vinst verta skattlagt. Det heiter vidare i Finansdepartementet sitt vedtak at det ikkje skal betalast skatt av ein eventuell vinst for dei eigenkapitalbevisa stiftinga fekk i byte for dei eigenkapitalbevisa vi frå starten av hadde i Time Sparebank. Utrekninger viser at vi mottok 794.392 bevis i byte med dei 1.000.000 bevis vi hadde fra starten. Stiftinga har i 2016, 2017 og 2018 selt 639.500 bevis, noko som i fylgje vedtaket, ikkje utløyser skatt.

Latent skatt på eigenkapitalbevisa stiftinga fekk tildelt som ein konsekvens av fusjonen, 2.356.656 bevis, er beskjedne. Gevinsten er berekna til kr. 0,22 pr. bevis.

## Administrasjon

Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå har kontoradresse i Hetlandsgata 9 på Bryne.

Styret vedtok å tilsetja Arne Gravdal som dagleg leiar i deltidsstilling frå 1. januar 2015.

Stiftinga sine gjeremål påverkar i liten grad det ytre miljøet.

## Utsikt framover



Jæren Sparebank og andre norske banker trur vi vil få nok eit godt år. Interessa for EK- bevis i Jæren Sparebank har vore god og kursen har i 2025 auka med 18,6 prosent.

Noko lågare rente i 2026 vil føra til lågare renteinntekter for Stiftinga. Etter 3 svært gode år i aksjemarknaden er usikkerheita stor kva 2026 vil bringa.

Det som framleis betyr mest, er utbytte frå Jæren Sparebank. Styret forventar eit positivt resultat og i 2026 sjølv om mykje er usikkert.

Bryne, 17. februar 2026

Styret i Sparebankstiftinga Time og Hå

   
Arnfinn Vigrestad Kjellaug Heskja

   
Gunnar Sivjelund Bjørn Lende

  
Elin Hobberstad



<b>Resultatrekneskap</b>			
<b>Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå</b>			
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>
Lønskostnad	3	694 016	750 668
Tildelte gåver	4	19 937 000	20 204 500
Anna driftskostnad	3	782 673	310 854
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>21 413 690</b>	<b>21 266 022</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-21 413 690</b>	<b>-21 266 022</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		13 670 722	12 531 341
Anna finansinntekt	5	52 037 277	43 289 435
Verdiauke av marknadsbaserte omløpsmidlar	6	23 116 240	14 431 872
Verdireduksjon av marknadsbaserte omløpsmidlar	6	0	28 942
Annan rentekostnad		1	0
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>88 824 239</b>	<b>70 223 706</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>67 410 549</b>	<b>48 957 684</b>
<b>Disponering</b>			
Årsresultat		67 410 549	48 957 684
Årets gåver frå gåvefond	4, 7	19 937 000	20 204 500
<b>Sum</b>		<b>87 347 549</b>	<b>69 162 184</b>
Avsatt til gåvefond	4, 7	43 500 000	34 204 500
Avsatt til anna eigenkapital	7	43 847 549	34 957 684
<b>Sum</b>		<b>87 347 549</b>	<b>69 162 184</b>



<b>Balanse</b>			
<b>Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå</b>			
<b>Eigedelar</b>	<b>Note</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andelar	6	271 297 415	271 297 415
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>271 297 415</b>	<b>271 297 415</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>271 297 415</b>	<b>271 297 415</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Andre kortsiktige fordringer		17 079	12 859
<b>Sum fordringer</b>		<b>17 079</b>	<b>12 859</b>
<b>Investeringar</b>			
Andre finansielle instrumenter	6	299 535 200	234 214 797
<b>Sum investeringar</b>		<b>299 535 200</b>	<b>234 214 797</b>
Bankinnskot, kontanter og liknande	8	38 103 075	32 228 970
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>337 655 354</b>	<b>266 456 626</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>608 952 769</b>	<b>537 754 041</b>




## Balanse


### Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå


Eigenkapital og gjeld	Note	2025	2024
<b>Eigenkapital</b>			
Grunnkapital		50 000 000	50 000 000
Anna innskoten eigenkapital		<u>262 908 602</u>	<u>262 908 602</u>
<b>Sum formålskapital</b>	7	<b>312 908 602</b>	<b>312 908 602</b>
<b>Opptjent formålskapital</b>			
Gåvefond	4, 7	64 563 000	41 000 000
Anna eigenkapital	7	<u>210 454 386</u>	<u>166 606 837</u>
<b>Sum opptjent formålskapital</b>	7	<b>275 017 387</b>	<b>207 606 837</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>587 925 989</b>	<b>520 515 440</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		13 853	23 850
Skyldig offentlege avgifter		120 575	139 251
Annen kortsiktig gjeld	4	<u>20 892 352</u>	<u>17 075 500</u>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>21 026 780</b>	<b>17 238 602</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b><u>608 952 769</u></b>	<b><u>537 754 041</u></b>

Bryne, 17.02.2026


Styret i Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå

  
Arnfinn Vigrestad  
Styreleiar

  
Kjellaug Heskja  
Styremedlem

  
Gunnar Sigveland  
Styremedlem

  
Bjørn Lende  
Styremedlem

  
Elin Hobberstad  
Styremedlem



## Noter

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med regnskapslova og god regnskapsskikk for ideelle organisasjonar. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder.

#### **Anskaffa og brukte midlar**

Inntektsføring av tildelte midlar, gåver, mv. skjer etter opptjeningsprinsippet. Brukte midlar vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at brukte midlar vert tekne med i same periode som tilhøyrande inntektsføring av innsamla midlar, gåver mv.

#### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å vera forbigåande. Anleggsmiddel som har begrensa økonomisk levetid er avskrivne etter fornuftig avskrivningsplan. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt mottekne beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurdert til verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt mottekne beløp på etableringstidspunktet.

Nokre postar er vurdert etter andre reglar. Postane det gjeld vil vera blant dei postane som vert omhandla nedanfor:

Aksjefond og rentefond er oppførte til marknadsverdi pr. 31.12.

#### **Anleggsaksjar og andeler**

Anleggsaksjar og mindre investeringar i ansvarlige selskap og kommandittselskap der Sparebankstiftinga ikkje har vesentlig påverknad, vert balanseført til kjøpekost. Investeringane vert nedskrivne til virkelig verdi dersom verdifallet ikkje er forventa å vera forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotssutdelingar fra selskapa vert inntektsførte som anna finansinntekt.

### Note 2 Skatteforhold

I samband med fusjonen mellom Time Sparebank og Klepp Sparebank vart det søkt om skattefritak etter skattelova §11-22. I svar frå Finansdepartementet er eit av vilkåra i «skattelempevedtaket» at ved avhending av eigenkapitalbevis stiftinga mottok ved fusjonen, vil ein forholdsmessig del av fritatt vinst verta skattlagt. Stiftinga har i 2016, 2017 og 2018 solgt 639.500 bevis, noko som i henhold til vedtak ikkje utløyer skatt. Det er fortsatt noko usikkerheit med omsyn til konsekvensane av skattelempevedtaket som må avklarast nærare.

Latent skatt på eigenkapitalbevisa stiftinga fekk tildelt som ein konsekvens av fusjonen, 2.356.656 bevis, er beskjedne. Gevinsten er berekna til kr. 0,22 pr. bevis.



## Noter

### Note 3 Lønskostnader, antal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	2025	2024
Løn, inkl godtgjersle til styret	641 263	699 381
Arbeidsgivaravgift	52 169	50 674
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	585	613
Sum	694 016	750 668

Gjennomsnittleg antal årsverk: 0,2

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styre	General-forsamling
Løn	365 011	215 000	61 250

#### Arbeidsgivaravgift

Stiftinga kjem inn under Folketrygdlova sin § 23-2, åttande ledd vedrørende arbeidsgjevaravgift i veldedige eller allmenntillegte organisasjonar.

#### Pensjonsforpliktingar

Stiftinga er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

#### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2025 utgjer kr 39 125 inkl. mva.

### Note 4 Anna kortsiktig gjeld

I løpet av året 2025 er det tildelt kr. 19 987 000 i gåver og korrigert for kr. 50 000 i tildelte/ikkje nytta gåver.

Kr. 20 774 127 av tildelte gåver er ikkje utbetalt pr. 31.12.2025

Ikkje tildelte gåver er oppført som Gåvefond under eigenkapitalen med tilsaman kr. 64 563 000.

Oversikt over tildelingar (i heile tusen)

	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Bevilga gåver 01.01	17 030	12 182	10 530	5 182	3 780	6 650	4 638	2 295
Gåver utbetalt i år	-16 193	-15 356	-15 126	-7 071	-3 900	-9 877	-2 840	-3 650
Bevilga gåver i år	19 987	20 954	16 942	13 434	5 652	7 157	4 834	6 280
Tilbakeførte/korrigerede gåver i år	-50	-750	-164	-1 015	-350	-150	18	-287
Bevilga, ikkje utbetalte gåver 31.12	20 774	17 030	12 182	10 530	5 182	3 780	6 650	4 638



## Noter

### Note 5 Anna finansinntekt

Utbytte frå Jæren Sparebank i 2025 utgjør	kr. 50 230 960
Utbytte frå Elgar Kapital	kr. 1 522 949
Kundeutbytte Jæren Sparebank	kr. 6 591
Rabatt kjøpsomkostning aksje og rentefond	<u>kr. 276 777</u>
Sum Anna finansinntekt	<u>kr. 52 037 277</u>

### Note 6 Verdipapir

	Anskaffelses kost	Balanseført verdi	Marknads verdi
<b>Anleggsmidler</b>			
Jæren Sparebank	271 297 415	271 297 415	976 866 595
<b>Sum</b>	<b>271 297 415</b>	<b>271 297 415</b>	<b>976 866 595</b>

### Omløpsmidler

Verdipapirfondet Pluss Obligasjon	43 976 355	46 916 598	46 916 598
Verdipapirfondet Pluss Utland Aksje	21 611 849	36 803 441	36 803 441
Verdipapirfondet Landkreditt Utbytte	21 309 721	33 164 063	33 164 063
Salt Value AS	21 059 434	34 947 152	34 947 152
Elgar Kapital AS	25 099 914	32 752 561	32 752 561
Landkreditt Høyrente	27 884 334	27 857 337	27 857 337
Heimdal Høyrente	81 681 133	87 094 048	87 094 048
<b>Sum</b>	<b>242 622 740</b>	<b>299 535 200</b>	<b>299 535 200</b>

### Endring i verdi på egenkapitalbevis.

Stiftinga hadde 1.000.000 unoterte egenkapitalbevis i Time Sparebank. Samla kostpris var kr 100.000.000. I samband med fusjonen mellom Time Sparebank og Klepp Sparebank mottok Stiftinga 794.392 børsnoterte egenkapitalbevis i Jæren Sparebank i byte med dei egenkapitalbevisa som Stiftinga hadde i Time Sparebank. Børsverdien på fusjonstidspunktet var kr 102 for kvart egenkapitalbevis.

Stiftinga fekk i tillegg til dei gamle egenkapitalbevisa 2.356.656 nye egenkapitalbevis med ein samla verdi på kr 240.379.000 i Jæren Sparebank i samband med fusjonen. Totalt mottok Stiftinga 3.151.048 egenkapitalbevis med børskurs kr 102 i Jæren Sparebank med samla verdi kr. 340.379.000.

Gjennomsnittlig kostpris på EK-bevis er 108,02

Stiftinga har i løpet av 2016, 2017 og 2018 selt 639 500 egenkapitalbevis, og eig ved utgangen av 2024 2 511 548 egenkapitalbevis i Jæren Sparebank.

Børskurs ved utgangen av året var kr 388,95. Marknadsverdi er på kr 976 866 595. Stiftinga

**Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå**



## Noter

vrurderer eigenkapitalbevisa til det lågaste av kostpris eller marknadspris. Kostpris er på kr. 271 297 415. Det er ein urealisert gevinst på kr. 705 569 180.

### Note 7 Eigenkapital

	Grunnkapital	Anna innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Gåvefond	Sum Eigenkapital
Pr. 1.1.25	50 000 000	262 908 602	166 606 837	41 000 000	520 515 440
Tildelte gåver				-19 937 000	-19 937 000
Avsatt til gåvefond				43 500 000	43 500 000
Overført anna eigenkapital			43 847 549		43 847 549
Pr. 31.12.25	50 000 000	262 908 602	210 454 386	64 563 000	587 925 989

### Note 8 Bankinnskot

Bundne skattetrekksmidlar utgjer kr. 184 114,-



## Tildelte gaver i 2025

<u>Gåvetildeling 2025</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
<b>Vår</b>		
Bryne FK	Porter i hallen	500 000
Bryne Håndballklubb	Skjerm i hallen	100 000
Blå Kors Bryne	Møbler	100 000
Bryne symjeklubb	Banetau	90 000
Bryne Turnlag	Utstyr	100 000
Bygdahuset Varhaug	Ombygging	50 000
Gjesdal idrettslag	Vedlikehold bane	500 000
Gudmestad grendahus	Vedlikehold parkeringsplass	32 000
Hjarte for Hå	Kjøleboks	50 000
Holmavatn Ungdoms- og Misjonssente	Stoler	150 000
Jadarr eSport	Gamingutstyr	100 000
Jæren Golfklubb	Møbler	100 000
Jæren Husflidlag	Utstyr	10 000
Jærmuseet	Utstilling	50 000
Kulturbankenbryne	Utstyr	100 000
Kvernalund Røde Kors	Utstyr	100 000
Lokalkapital Jæren	Næringsutvikling	5 000 000
Lye skulekorps	Instrument	50 000
No. Limitation	Utstyr	200 000
Norsk Folkehjelp Hå	Mannskapsbil	500 000
Nærbø Rideklubb	ATV	150 000
Nærbø samfunnshus	Nytt tak	250 000
Ognatun Leirsted	Stoler	150 000
Oltedal Fotballklubb	3-er bane	300 000
Pinsemenigheten Zion	Heis	200 000
Raunafjell Gård AS	Restaurering	100 000
Samfunnshuset Kvernalund	LED-lys	100 000
Stokkalandsmarka Vellag	Nærmiljøanlegg	300 000
Undheim idrettslag	LED-lys	200 000
Undheim Samfunnshus	Lys	200 000
Vigrestad IK	Nytt gulv	500 000
Varhaug Kristelege Ungdomslag	Utstyr	50 000
Ålgård Håndballklubb	Utstyr	100 000
Ålgård svømmeklubb	Startrampe/brett	200 000
<b>Sum vår</b>		<b>10 732 000</b>
<b>Haut</b>		
Bjorland VEL	Ballbinge	200 000
Brusand IL	Ny hall	2 000 000
Bryne Karateklubb	Besyttelsesutstyr	30 000
Bryne friidrettsklubb	<b>Utstyr</b>	100 000
Bryne Sokn	Utstyr	50 000
Bryne Løpelag	Henger m/profilering	70 000
Bryne KFUK-KFUM Speidere	Utstyr	50 000
Bryne Skulekorps	Uniformer	100 000
Bryne Musikkorps	Instrument	150 000

## Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå



## Tildelte gaver i 2025

Dirdal IL	Frisbeegolf bane	100 000
Fotland Bedehus	Nye dører	100 000
Frøyland Skolekorps	Instrument	100 000
Gjesdal Bygdahus	Vedlikehold	150 000
Holmane gamle skule	Rammer	30 000
Høyland Bedehus	Tralle / møbler	50 000
Hå Skytterlag	Våpen	75 000
Hå historielag	Tursti	30 000
Hå Dur og Moll	Utstyr m.m.	30 000
Jæren Kystlag	Garntørke	100 000
Jærmøtet	Konferanse	300 000
Kverneland Speidergruppe	Utstyr	75 000
Kåsen IL	Kiosk	100 000
Lye IL	Ny hall	2 000 000
MUTE	Skulptur	600 000
Norsk Folkehjelp Hå	Mannskapsbil	200 000
Nærbø Bedehus	Oppgradering kjøkken	50 000
Nærbø Turnforening	Utstyr	100 000
Nærbø idrettslag	Lydanlegg	400 000
Nærbø Røde Kors	Oppgradering bygg	300 000
Ogna Golfklubb	Møbler	75 000
Ogna Bedehus	Støydemping	100 000
Ranglerock	Instrument/utstyr	50 000
Sirevåg Bedehus	Nye vindu	50 000
Sirevåg Dykkerklubb	Ny båt	400 000
Time Skytterlag	Våpen	200 000
Time tre og metall	Oppgradering lokale	100 000
Undheim Sogn	Lysanlegg	50 000
Ueland forsamlingshus	Nytt kjøkken	200 000
Vigre 4H	Telt	50 000
Ålgård Skolekorps	Uniformer	100 000
Ålgård Bedehus	Lydanlegg	240 000
<b>Sum haust</b>		<b>9 255 000</b>
<b>Total</b>		<b>19 987 000</b>

### Tildelte gaver fordelt på kategorier: (i heile tusen kr.)

Kunst og kultur	730
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	9 245
Humanitære tiltak, helseformål	1 100
Samfunn, utvikling og sosiale tiltak	3 612
Kompetanse, utdanning, forskning	0
Klima, miljø, naturvern	0
Næringsutvikling	5 300
Annet	0
<b>Sum</b>	<b>19 987</b>

### Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå



Til generalforsamling i  
Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå

## **BRYNE REVISJON**

Bryne Revisjon AS  
Statsautoriserte revisorer  
Meierigata 17, 4340 Bryne  
Telefon: 400 06 279  
E-post: post@brynerevisjon.no  
Bank: 9687.05.04184  
Foretaksregister: NO 884 880 432 MVA

### **UAVHENGIG REVISORS BERETNING**

#### **Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen**

##### ***Konklusjon***

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Jæren - Time Og Hå som viser eit overskot på kr 67 410 549. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap oppstilling over endringar i eigenkapital for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsregnskapet eit rettvisande bilete av stiftelsen si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

##### ***Grunnlag for konklusjonen***

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### ***Ytterlegare informasjon***

Styret(leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.



Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapen og inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

#### ***Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen***

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftelsen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### ***Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen***

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjersle som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til

<https://revisorforeningen.no/om-revisjon/revisjonsberetning-revisors-oppgaver-og-plikter/>


#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### ***Konklusjon om utdelinger og forvaltning***

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som gjort rede for over, og de kontrollhandlinger vi har funne naudsynte i høve internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sine føremål og vedtektene elles.

Bryne, 17.februar 2026

**Bryne Revisjon AS**

  
Alf Damisen

Statsautorisert revisor